

# TOMREFJORD PENSJONISTLAG

OPPSUMMERING FRÅ MØTE 11.03.2024

Tomrefjord pensjonistlag møttest den 11.03.2024 for å diskutere styrkane og utfordringane i Vestnes kommune, samt framtidssyn og nødvendige tiltak.

## SAMANDRAG

Kommunen har ein sentral plassering i Møre og Romsdal og eit variert kulturliv med kino og kulturhus i Tomrefjord. Den flotte naturen gir gode moglegheiter for friluftsliv, medan høg sysselsetting og gode arbeidsplassar trekker innbyggjarane til området. Gode helsetilbod og sterke dugnadsånd gjer Vestnes til ein attraktiv kommune å bu i.

Måla for framtida inkluderer betre kollektivtilbod og etablering av omsorgsbustader med fellesareal og møteplassar. Utbetring av infrastruktur og vegforbindelsar samt utbygging av veglys og fortau i Tomrefjord er òg viktige punkt. Det er ønske om å skape ein kommune som er attraktiv for tilflytting.

For å nå desse måla treng kommunen fleire arbeidsplassar, men også tilgang på meir arbeidskraft, spesielt sjukepleiarar. Gode politikarar og ei sterke kommunaleiing er òg essensielt. Heimetenestene må styrkast, og økonomien må prioriterast riktig for å sikre framtidige prosjekter.

Nokre hinder må handterast på vegen. Blant anna kan ein nedgang i industri og sysselsetting føre til mindre inntekter for kommunen. Dårleg planlegging og økonomi er òg utfordringar. Manglande semje blant politikarane og mangel på arbeidskraft kan hindre vidare utvikling. I tillegg treng kommunen å fokusere på skular og barnehagar framover.

Alle innspela kan du sjå på neste side:

Dei innspela som er nemnt flest gonger er uteha med feit skrift

#### STYRKER/KVA ER BRA I VESTNES

- **Sentral plassering i Møre og Romsdal** (4 bord har svart dette)
- **Variert og rikt kulturliv/kulturaktivitetar** (4 bord har svart dette)
- **Flott/fantastisk natur.** Mange gode turmoglegheiter. (4 bord har svart dette)
- At sysselsettinga er høg i Vestnes (2 bord har svar dette)
- Gode/bra arbeidsplassar (2 bord har svart dette)
- Helsestilbod/heimeteneste/heimesjukepleie (2 bord har svart dette)
- Frivillig arbeid er bra.
- Fritidstilbod
- Bra i Vestnes sentrum med kort veg til det meste.
- God tilgang til vinteraktivitetar. (Ski, slalåm, langrenn)
- Kulturhus med kino i Tomrefjord
- Sterk dognadsånd i Tomrefjord

#### KVAR VIL VI? (KVA MÅL/VISJONAR/PLANAR HAR VI REALISERT INNAN 2036?)

- **Kommunikasjon og kollektivtilbod.** Må bli betre heile veka. Hente/bringeordning når behov. Små busser (t.d. 8 seter) som kan bringe folk rundt i kommunen. (4 bord har svart dette)
- **Bukollektiv for eldre** med servicefunksjonar (2 bord har svart dette)
- **Trafikktryggleik** (gangveg, lys etc.)
- Omsorgsbustader tilrettelagd med felles areal og møteplass. Gjerne 4 leilegheiter, felles stue.
- Skape en attraktiv kommune og flytte til.
- Ny veg på Vik og Tomrefjord med fortau
- Lys på Trohaugen
- Fortau rundt Tomrefjord
- Møteplassar
- Turstiar
- Møreaksen, den treng vi
- Meir plass til eldre – Stella Maris
- Meir tilsetting av sjukepleiarar
- Gangveg frå Tomra til Langneset
- Styrke innflytting til Vikebukt, Fiksdal, Tomrefjord
- Ønsker ein ny Trygdeheim slik som det ein gang var på Vestnes, med betjening 24 timer i døgnet. Ei tryggleik for dei fleste.
- Sykkelveg til Vestnes og gangfelt rundt fjorden til Fiksdal
- Anlegg ala Senior Plaza i Tomrefjord
- Tilrettelagt heim. Tilskot
- Betre orientering om hjelpemidlar i eigen bustad.
- En sentral kor vi kan vende oss for å få hjelp i heimen.

#### KVA TRENG VI (FOR Å NÅ MÅLA VÅRE)?

- **Meir arbeidsplassar, betre tilgang på arbeidskraft** (4 bord har svart dette)

- Gode politikarar
- God kommunaleiing
- Inkluderande og god eldrepolitikk
- Servicestasjon med bringeteneste, vaktmeisterteneste
- Heimetenestene må utbyggast
- Økonomi. Rett prioritering
- Det er mangel på helsearbeidrarar
- Fleire busstilbod også laurdag og søndag. Mange har ikkje sertifikat.
- Betre vegstandard
- Auka innflytting
- Betre parkering i Helland sentrum
- Fortau. Furland/Stokkeland. Tomrefjord indre.
- Tomrefjord, utviding av idrettsplass
- Betre parkering/trafikkloysing i Helland
- Møreaksen (innflytting) 50-150 kg mindre forureining til sjøen pr døgn
- Meire industri/helse. Her går vi no på arbeidsløyse på anlegg, bustadbygging.
- Pengar.
- Private aktørar som bygger/satsar for kommunen som drifter og vi kan leie.
- Spreke pensjonistar som kan engasjerast gjennom Frivilligsentralen for en billig penge.
- Deltaking frå Husbanken til finansiering av tilrettelagde bustader.
- Viktig: Skule, barnehage, idrett, musikk.... For å få folk til å bu i Vestnes.
- Tilbod til ungdom

#### KVA HINDRAR OSS?

- Dersom det blir mindre industri, mindre inntekter til kommunen
- Mindre sysselsetting
- Dårleg planlegging og økonomi
- Attraktivt for unge å flytte hit.
- Ny skule, nok barnehage
- Håpe på kloke gründerhjernar
- God familiepolitikk
- Nok folk i arbeidsfør alder
- Økonomi til skule, mm.
- Erfaring frå arbeidslivet
- ”Usamde” politikarar som ikkje ønsker utvikling i kommunen, ref. Aksediskusjon.
- Manglar arbeidsfolk
- Møreaksen med tunell, med bru. Tilflyttingsfordel (75-100 kg mindre forureining til sjøen)
- Kommuneøkonomi
- Arbeidskraft
- Skuler og barnehagar. Renovering?